



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: Ref.:35BAE7-
Skjemanr.:3934
Vår: 22/2360 - 22/22676

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
18.03.2022

Godkjent rørleggjarmelding - bruksendring av naust til næring - gbnr 1/80 Flatøy

Vi viser til rørleggjarmelding motteke 13.03.2022 med vedlagt situasjonsplan (VA-kart).

Adresse byggeplass: Flatøyvegen 20 - Gbnr1/80
Type bygg: Næringsbygg - bruksendring av naust til næring
Type arbeid: Tilknytning kommunalt vatn, godkjent privat avløp

Rørleggjarmeldinga vert godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om sanitærabonnement. Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelser.

Endring av tilknytning til kommunalt vatn.

Det er søkt om bruksendring av naust til næring. Dette medfører vesentlege endringar i vassforbruk enn det som tidlegare er omsøkt. Rørleggar har sendt inn ny rørleggjarmelding 13.03.2022 ihht gjeldande regelverk.

Tilknytingsgebyr vert fakturert etter gjeldande satsar, jf. lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune. I forskrift er det fastsatt at næringseigedom skal ein betale tilknytingsgebyr som består av ei fast sum (kr. 15 000,-) og eit fast tillegg (kr. 62,50 per m²). Fast sum er fakturert tidlegare og er registrert betalt. Det vert i samband med bruksendringa sendt ut faktura for fasttillegg. Areal er opplyst å være 179 m². Pris per m² er i forskrift satt til kr. 62,50.

Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Tilbakeslagsikring:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Alle næringsbygg skal ha tilbakeslagssikring i h.h.t. NS.EN. 1717. Dette skal dokumenterast i ferdigmeldinga.

Vassmålar:

Alle nye næringsabonnentar skal ha montert vassmålar og betale etter faktisk forbruk. Vassmålar får ein ved å venda seg til VA-avdelinga på driftstasjonen på Stølen 7. Registeringskjema for vassmålar skal sendast inn saman med ferdigmeldinga. Vassmålar skal lesast av årleg av abonnent. Hugs å føra på skjema kva a-konto størrelse i m3 me skal leggja inn på kunde pr. år. Det må også komma tydeleg fram kven som er fakturamottakar/tiltakshavar og org. nr.

Utlegging av leidning i sjø:

Utlegging av leidning i sjø skal være godkjent av Bergen og omland Farvannsforvaltning IKS før arbeid tek til.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa rørføring frå bygg til tilkopling offentlig leidning.

Det vil ikkje bli skrive ut ferdigattest for bygget/anlegget før ferdigmelding er godkjend.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkia om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øystein Sulebakk

GRØNLANDSVEG 5918
EN 20

Frækhaug

Mottakarar:

Fløysand Va AS

Fløksand 5918

FREKHAUG